



TVERRPOLITISK LISTE for GISKE



1. Olav Sindre Roald



2. Kolbjørn Rørstad




3. Barbro Dyb



4. Torunn Lied Giske

**Stem TLG for ein
ansvarleg politikk
i Giske**

Kommunevalet 2019



I 2015 stilte Tverrpolitisk liste for Giske (TLG) liste til kommunevalet, og fekk inn 3 representantar.
Slagordet vårt den gongen som no er
JA til ein ansvarleg politikk i Giske kommune.

Behovet for ein ansvarleg politikk er større enn nokon gang. Giske Kommune er ein av stadig færre kommunar på Robek-lista, lista over kommunar som er pålagt særleg kontroll og tilsyn.



Program for kommunestyreperioden 2019-2023

I 2015 stilte Tverrpolutisk liste for Giske (TLG) liste til kommunevalet, og fekk inn 3 representantar. Slagordet vårt den gongen som no er JA til ein ansvarleg politikk i Giske kommune.

Behovet for ein ansvarleg politikk er større enn nokon gong. Giske Kommune er ein av stadig færre kommunar på Robek-lista, lista over kommunar som er pålagt særleg kontroll og tilsyn.

Sjølv om økonomien har vore dårlig i mange år, er Giske kommune likevel ein god kommune å bu i. Tenestetilbodet er godt for dei fleste. Tilhøvet mellom kommunen og innbyggjarane er ope og godt, og folk trivst godt i kommunen.

Giske Kommune har i fleire år hatt drift og investeringar langt utover den økonomiske evna. Lånegjelda er mellom dei høgaste i landet pr. innbyggjar. Gjelda er høgare enn det som kan dekkast innan kommunen si økonomiske ramme, utan at det går utover tenester til innbyggjarane. Frie inntekter pr. innbyggjar er mellom dei lavaste i landet. For å unngå at dette går ut over innbyggjarane, må det finnast nye måtar å løyse oppgåvene på.

TLG har stemt mot mange gode tiltak, og har gått inn for upopulære kutt, alt for å berge kjerneoppgåvene til kommunen. I fleire

avrøystingar har TLG stått åleine. TLG har ført, og stemt for, ein ansvarleg politikk. Så lenge kommuneøkonomien er så krevjande som no, vil TLG arbeide for streng prioritering og stram styring. Dette inneber at vi framleis vil stemme nei til oppgåver kommunen ikkje er nøydd til å ta på seg, og nei til andre tiltak som det ikkje finns pengar til.

TLG vil samle innsatsen om dei viktigaste områda, skule og barnehage, og helse og omsorg.

SKULE OG BARNEHAGE

Giske kommune har ein god skule, med gode læringsmiljø og dyktige tilsette. Skulebygga er i hovudsak bra, men det trengs oppgradering og utbygging fleire stader.

Tverrpolutisk liste for Giske vil:

- Ha ein meir effektiv skulestruktur i kommunen. Arbeidet med dette må starte snarast, og tilpassingane må gjennomførast i komande kommunestyreperiode.
- Sikre alle elevar like ressursar og vilkår.
- Legge til rette for nok barnehageplassar
- Samarbeid mellom skulane om meir effektiv bruk av økonomiske og faglege ressursar.



HELSE OG OMSORG

Giske kommune har gode tenester for ulike brukargrupper med behov for hjelp frå kommunen. Kommunen har ca. 70 heildøgns omsorgsplassar til dei ulike brukargruppene, fordelt på Godøy, Vigra og Valderøy. I tillegg er det ei godt utbygd heimeteneste. Dette er likevel ikkje nok til å dekke alle behova som finns.

Tverrpolitisk liste for Giske vil:

- Organisere helse- og omsorgstenesta i eit distrikt.

Og så snart dei økonomiske rammene tillét det:

- Sikre naudsynte, lovpålagde omsorgsplassar til brukarar som er utskrivne frå sjukehus, eller som ikkje kan klare seg heime.
- Styrke grunnbemanninga i institusjonane, og minske belastninga for dei tilsette.
- Styrke heimetenesta slik at fleire kan bu i eigen heim lengre, og utvikle og utvide tiltaka for å avlaste pårørande.

NY KURS FOR GISKE KOMMUNE

Giske kommune må framover drivast annleis og betre. Politikarar må, saman

med administrasjonen og tilsette, ta ansvar for å føre ein realistisk politikk, basert på tilgjengelege ressursar, ikkje på ynskje. Inga verksemد kan kome ut av økonomiske problem utan gode styrings- og rapporteringssystem. Det er difor behov for realistiske budsjett, og hyppig og påliteleg økonomisk rapportering som hjelpt til å ta dei rette avgjerslene framover.

Tverrpolitisk liste for Giske vil:

- Ha betre budsjettprosessar som blir basert på reelle økonomiske rammer.
- Ha månadleg avstemt rapportering som grunnlag for oppfølging og politiske vedtak.
- Selje alle eigedommar som kommunen ikkje treng sjølv, slik at gjelda kan bli redusert mest mogleg.

I årets valkamp, og komande kommunestyreperiode, held vi fast på slagordet vårt:

**JA til ein
ansvarleg politikk
i Giske kommune**

Våre kandidatar



1. Olav Sindre Roald



2. Kolbjørn Rørstad



3. Barbro Dyb



4. Torunn Lied Giske



5. John Erik Wiik



6. Petter H. Ludvigsen



7. Anne Sofie Kirkevåg



8. Ragnvald Roald



9. Otto Stornes



10. Joachim Valderhaug 11. Ingrid Heggem Synnes 12. Henning Gjerde



13. Malvin Molnes 14. Asbjørn Furnes 15. Birgit Karin Roald



16. Gunnar Morsund 17. Gurcharan Singh Gulati

**Stem TLG
for ein ansvarleg politikk
i Giske**

Stem TLG for ein ansvarleg politikk i Giske

